



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

*Kommunal- og distriktsministeren*

Stortingets presidentskap  
Ekspedisjonskontoret  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/1020-8

15. mars 2024

**Dokument 8:95 S (2023–2024) Representantforslag frå  
stortingsrepresentantane Erlend Wiborg, Himanshu Gulati, Silje Hjemdal,  
Sylvi Listhaug og Christian Tybring-Gjedde**

Eg viser til brev av 1. mars 2024 frå Kommunal- og forvaltningskomiteen. Eg er invitert til å vurdere Dokument 8:95 S (2023–2024) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Erlend Wiborg, Himanshu Gulati, Silje Hjemdal, Sylvi Listhaug og Christian Tybring-Gjedde om å styrke kampen mot antisemittisme. Representantane ber om at regjeringa svarer ut tre forslag for å styrke innsatsen mot antisemittisme.

Eg vil i det følgjande gje aktuell bakgrunnsinformasjon for kvart av dei tre forslaga som er fremma.

- 1. Stortinget ber regjeringa fremme forslag om hvordan man kan sørge for at samtlige norske skoleelever i løpet av skolegangen får muligheten til å besøke tidligere konsentrasjonsleirer, som Auschwitz og Sachsenhausen, f.eks. gjennom Hvite Busser, Aktive Fredsreiser og andre organisasjoner.**

Det har komme fram at det varierer rundt om i landet kor mange som deltar på skuleturar til tidlegare konsentrasjonsleirar. Ein av grunnane til at mange avstår frå å dra, er økonomiske årsaker. Ifølgje statistikk frå Utdanningsdirektoratet er det registrert at færre elevar drar på slike turar frå til dømes bydelar i Oslo med høg innvandringsprosent. Regjeringa er opptatt av at aktivitetar knytt til skulen ikkje kjem i konflikt med gratisprinsippet. Deltaking kan ikkje vere avhengig av familiene sin

økonomi. For 2024 er det løyva nærare 17 millionar kroner til skuleturar for elevar i heile landet. Kunnskapsministeren har allereie varsla at ho vil sjå på regelverket til tilskotsordninga og vurdere om ordninga fungerer etter hensikta.

## **2. Stortinget ber regjeringa sørge for kontroll og kartlegging av antisemittisme i norske moskeer og på andre arenaer som har påvirkning på muslimers holdningar til jøder.**

Det er viktig at det blir sett inn tiltak mot rasisme og diskriminering. Regjeringa har lagt fram ein handlingsplan mot rasisme og diskriminering, som skal bidra til regjeringa sitt mål om å byggje eit samfunn med sterkare fellesskap og like moglegheiter for alle.

Til hausten vil regjeringa leggje fram ein ny handlingsplan mot antisemittisme. Regjeringa er i gang med arbeidet og har dialog med den jødiske minoriteten om forslag til tiltak i planen. HL-senteret si undersøking «Holdningar til jøder og muslimar i Norge 2022» og Proba samfunnsanalyse si evaluering av handlingsplanane mot antisemittisme er ein del av kunnskapsgrunnlaget for regjeringa sitt arbeid.

HL-senteret si undersøking viser at både muslimar og jødar opplever fordommar i det norske samfunnet. Samla sett er det 9,3 prosent i den norske befolkninga som har utprega fordommar mot jødar, medan 30 prosent i befolkninga har fordommar mot muslimar. Samstundes viser undersøkinga frå HL-senteret at jødar og muslimar har felles erfaringar som minoritetar i Noreg, og at eit stort fleirtal i utvalet meinte at det var mogleg å samarbeide mot fordommar og diskriminering.

Regjeringa ønskjer å nå breitt ut med tiltak, og det vil i arbeidet med handlingsplanen bli vurdert kva som er hensiktsmessige tiltak for styrke kampen mot antisemittisme sett opp mot den nåverande situasjonen.

## **3. Stortinget ber regjeringa sikre at moskeer og andre aktører som sprer antisemittiske holdningar fratas statsstøtten.**

Antisemittisme kan gje grunnlag for å nekte tilskot etter trussamfunnslova § 6. Trus- eller livssynssamfunn kan nektast tilskot eller tilskotet kan bli avkorta, om samfunnet, eller einskilde personar som opptre på vegne av samfunnet, utøver vald eller tvang, set fram truslar, krenkjer rettane til barn, bryt forboda mot diskriminering eller på andre måtar alvorleg krenkjer rettane og fridomane til andre. Trus- eller livssynssamfunn som oppfordrar til eller gjev støtte til slike krenkingar, kan òg nektast tilskot.

Dette inneber også at eit trus- eller livssynssamfunn som i forkynning eller på andre måtar set fram hatefulle ytringar, kan nektast tilskot. Barne- og familieministeren meiner derfor at forslag 3 allereie er varetatt i eksisterande lovgjeving.

Vidare har regjeringa som mål å nedkjempe alle former for rasisme og diskriminering på grunn av etnisitet og religion. Etnisk og religiøst mangfald er eit gode i samfunnet vårt. Regjeringa ønskjer eit samfunn der menneske med ulik etnisk og religiøs bakgrunn lever i fredeleg sameksistens og har tillit til kvarandre. Regjeringa ønskjer eit samfunn som er trygt for alle og som er basert på høg tillit mellom ulike grupper i befolkninga.

For å få til dette, er det avgjerande kva for ord vi brukar. Her har vi politikarar eit særleg ansvar. Retorikk kan være samlande, men også splittande. Regjeringa tar avstand frå splittande retorikk som byggjer opp under fordommar og stereotypiar.

Rasisme og hatefulle haldningar kjem i ulike former. Haldningsundersøkinga til HL-senteret frå 2022 viser som nemnd over at både antisemittisme og muslimfiendtleghet eksisterer i det norske samfunnet.

Regjeringa ønskjer å kjempe mot rasisme, diskriminering og hatytringar i alle former. Derfor lanserte regjeringa, som nemnd over, i 2023 *Handlingsplan mot rasisme og diskriminering – ny innsats 2024-2027*. Vi er òg i gang med nye handlingsplanar, både mot antisemittisme og mot muslimfiendtleghet, no som dei gamle handlingsplanane går ut. I tillegg vil regjeringa lansere ein handlingsplan mot hets og diskriminering av samar.

Med dei nye handlingsplanane får vi ei forsterka og fornya innsats mot rasisme, antisemittisme, muslimfiendtleghet, hets og diskriminering på grunn av etnisitet og religion.

Med helsing



Erling Sande

Kopi  
Statsministerens kontor